

EmneTYS113 - emnerapport 2017 haust

Emneansvarlig: Veronika Hamann

EMNERAPPORT

EMNEKODE	TYS113
SEMESTER	Haust 2017
GENERELT OM EMNET	Emnet omfattar eit kurs i tysk grammatikk som dekkjer viktige område innan tysk grammatikk, eit kurs i språkutvikling og språkleg variasjon i det tyskspråklege området og eit øvingskollokvium i praktisk tysk. Innhalda til emnet skal gi • grundige kunnskapar om tysk grammatikk/språkstruktur i ei rekkje sentrale tema som til dømes konjunktiv, preposisjonsbruk og infinittsyntaks og setje i stant til å skildre og analysere relativt kompliserte strukturar i det tyske språket • grunnleggjande kunnskapar om språkutvikling/språktilhøve i dei tyskspråklege landa og språkleg variasjon i tysk og grunnleggjande dugleikar å både kjenner til og kunne skildre sentrale utviklingstrekk i den tyske språkhistoria og språkleg variasjon og analysere språkleg variasjon • kompetanse å kunne uttrykke seg på avansert tysk både munnleg og skriftleg I tillegg skal emnet utvide den strategiske kompetansen for å utvide eigne kunnskapar og dugleikar om dei oppførte innhalda på eiga hand, og studentane skal vere godt førebudd på å halde fram tyskstudiet på 200-nivå. Undervisninga omfatta 8 timar i 12 veker, til saman 96 timar. Av desse timane var 4 timar (24) tysk grammatikk, 2 timar (24) språkutvikling og språkleg variasjon i det tyskspråklege området, og 2 timar (24) øvingskollokvium i praktisk tysk. I løpet av semesteret blei heile pensumet gjennomgått grundig, men opplegget inkluderte òg førebuing og sjølvstendige øvingsoppgåver.
FAGLÆRERS VURDERING AV UNDERVISNINGS- OG VURDERINGSFORMER	Undervisningsforma omfattar forelesingar/seminar og gruppeundervisning som føreset aktiv deltaking frå studentane og i stor grad inneheldt språklege/språkpraktiske øvingar og samtalar med utgangspunkt i pensumlitteratur og tekstar som døme på språkleg variasjon. Undervisningsforma var derfor godt tilpassa til emnemåla. Faglærerane har også inntrykk av at vurderingsforma, som er ein seks timars skriftleg eksamen, er tilpassa til

	emnemåla og innhalda. Tidsomfanget gjer det mogeleg å evaluere mykje og slik få ei differensert vurdering av kandidatane.
FAGLÆRERS VURDERING AV PENSUM	Pensum er ein grammatikk med forklaringar og døme, men òg øvingsoppgåver frå andre kjelder. Som einaste grammatikk som samanliknar norsk og tysk, gir boka ei god forståing for kontrastive problem tysk-norsk. I tillegg blir studentane dermed også kjent med lingvistisk fagterminologi på norsk og norsk tilnærming til grammatikk. Som deskriptiv grammatikkbok er pensumboka veldig komprimert og eignar seg veldig godt som oppslagsverk. Likevel opplever faglærarane at mange studentar slit med pensumboka: Dette er på grunn av parallel bruk av norsk og tysk fagterminologi og hovudsakleg på grunn av veldig detaljert og teoretisk oppbygning av boka. Strukturen til kurset skulle derfor gi studentane støtte til å fokusere på det mest relevante. Pensum til kurset i språkutvikling og språklig variasjon i det tyskspråklege området bestod av to bøker. Ei av desse bøkene omfattar eit detaljert oversyn over språkutviklingatysk med mange døme, den andre inneheld hovudsakleg døme på språkleg variasjon og i tillegg tekstar og spørsmål som gir moglegheit for diskusjonar om språkleg variasjon. Kombinasjonen av bøkene gjorde det mogeleg for studentane å få grunnleggjande kunnskap om kurstema. Likevel er boka om språkutviklinga veldig detaljert og delvis på eit heller avansert språkleg nivå, slik at bruken av boka føresette ein struktur som fokuserte på dei mest relevante poenga. Pensum til øvingskollokvium i praktisk språkleg tysk var eit kompendium som er laga av faglærarane. Dei norske tysk-studentane på dette nivået har særlege behov og utfordringa er å fokusere og jobbe med relevante og eksemplariske oppgåver og tekstar som utviklar dugleik til å jobbe vidare på eiga hand. Sidan omfanget av kurset er berre 12 veker, så finst det inga tilpassa bok.
FAGLÆRERS VURDERING AV LOKALE OG UNDERVISNINGSGRANNSLAG	Lokale og undervisningsutstyr tilfredsstiller behova.
FAGLÆRERS VURDERING AV ANDRE FORHOLD	

VURDERINGS- OG UNDERVISNINGSMELDTE	I TYS113 var fire kandidatar meld opp til kurset og møtte regelmessig. Alle kandidatane kvalifiserte seg til å ta skriftleg eksamen.
STRYKPROSENT OG FRAFALL	Alle kandidatane klarte å bestå eksamen.
KARAKTERFORDELING	
STUDENTEVALUERING: METODE OG GJENNOMFØRING	Studentevalueringane på Mitt UiB blei utfylt desember 2017 og emnet var evaluert saman med TYS123-emnet som har ein 2/3 overlapp med TYS113. Det var berre tre av ni av TYS113/TYS123-studentar som svarte på evalueringsskjemaet og berre to svarte på alle spørsmåla. Tilbakemeldinga er dermed lite representativ.
STUDENTENES TILBAKEMELDINGER	Generelt sett var to studentar ganske nøgde med emnet og ein svarte på verken eller. Dei to studentane som svarte på kor nøgde dei var med undervisninga, svarte at dei var svært eller ganske nøgde. Positiv tilbakemelding gjaldt òg samanhengen mellom kursdelane. Positive tilbakemeldingar som studentane ga som utdjupa svar gjeld følgjande poeng: • Vanskegraden av kurset: Sjølv om vanskegraden var vurdert som veldig høg, var det vurdert som veldig positivt at alle dermed var tvinga til å forbetre seg fleire nivå i løpet av semesteret. • Kurset i språkutvikling og språklig variasjon: Dette kurset var vurdert å vere veldig interessant. Kritiske tilbakemeldingar som studentane ga som utdjupa svar gjeld hovudsakleg pensum i grammatikkdelen. Studentane vurderte boka å være for forvirrande å lese og at den skulle ha vore på tysk. Ein ønskte heller å jobbe med ei tysk grammatikkbok. Eit anna poeng var at øvingskollokviet anten skulle vere eksamensrelevant eller frivillig.
FAGLÆRERS KOMMENTAR TIL STUDENTENES TILBAKEMELDINGER	Svara på generelle spørsmål var ikkje eintydige og er derfor ikkje tatt omsyn til i delen «studentanes tilbakemeldingar». Sidan studentgruppa bestod av studentar med ulike (språklege) forkunnskapar og ulike «study skills» er det veldig sannsynleg at studentar vurderer utbyttet av undervisninga og obligatoriske krav

	og språkleg utbytte ganske forskjellig – spesielt når det blir berre to studentar som har sendt inn eit svar.
ANDRE MERKNADER	
SAMLEDE VURDERINGER	Etter alle tilbakemeldingane vi har fått og med omsyn til at emnet vil ha ein annan struktur under HF2019, så vurderer faglærarane det som dei viktigaste oppgåve for neste semester å finne ei velegna bok som pensum i grammatikk-delen.
EVENTUELLE FORSLAG TIL ENDRINGER	